



Timbuktu - Foto: Fredrik Etoall

Eit lass med feite artistar er på veg mot Kvinnherad. På vogna sit allereie Susanne Sundfør, Stein Torleif Bjella, Miss Tati og The Mormones. Fira nye artistar hiv seg på no. Timbuktu & Damn!(S), Våanna Inget(S), Slutface og Hear me Roar. Berre formalitetar gjenstår før dei tre siste banda hopper på. Sommaren kan komma. Billettsalet går bananas!

Timbuktu & Damn!:

Endelig kjem Timbuktu til gards! Ein av Skandinavia største artistar og stemningspreiar dreg med seg band og kjærleik til Festidalen. Å beskriva musikken verkar lite naudsynt. Dei fleste er kjende med Timbuktu sin hiphop med inspirasjon frå Jamaica, Vest-Afrika og folkemusikk. Duden har vunne eit traktorlass med Grammis- og P3 Gild- prisar. Timbuktu er sterkt politisk engasjert, ein samfunnsdebatant, ein populær radio-dj og rett og slett kulare enn du og eg. At han har vunne Nordisk Råds språkpris viser at slektskapet til Festidalen som nyleg vann Målblomen 2016, er tett som tåke. Blunkesmilefjes. Timbuktu er singelaktuell i desse dagar. "Alla vill till himmelen men ingen vill dö" og "Det løser sej" er snurra millionvis av gonger, og beste versjonen får du i Uskedal!



Våna ilnget - Foto: Hugo Nabo

Våna ilnget:

Oioioi. Gjennom tollen kjem nok ein herleg bønsj svenskar med olme planar. Malmø sitt store punkhåp kjem for å kreva sin plass her oppe på denne oljestinkande knausen kalla Noreg. Og det får dei! Våna Inget har grove der dei står og tatt vare på det som er unikt med musikken. Ein kollisjon mellom punknerver og melodisk sensibilitet. Med mål om å få klaustrofobiske tema om innstendighet og desperasjon til å kjennas oppløftande og frigjerande. Ebba Grøn møter Blondie! Karolina Engdahls intense vokal vil ljoma mellom uskedalsfjella til snøen kjem. Minst. Sjekk ut "Allvar", "Kungar" og til dømes "Krockade Bilar".



Slutface

Slutface:

Nam! Slutface er ein vestnorsk middagstallerken fylt av snadder. Dette er skiten, indieskranglete pop-rock med vilter og ustyrlig attitude. Ei makalaus energibombe. Og det er dansbart som bare juling! Som liveband har dei alt vist både Øya- og Slottsfjellpublikummet kven som er dei nye sjefane på den norske scena. Dei vert snurra heftig på radio og frekventerer dei viktigaste scenane i landet. Hiv innpå noko kraftfôr før Slutface går på. For her skal det dansast! Varm opp med "Angst", "Kill'em With Kindness" og "Shave My Head".



Hear me Roar

Hear me Roar:

Årets Vestlandssatsing vart fantastiske Hear Me Roar frå Stavanger. Den overbevisande og tåredryppande konserten dei leverte under bransjetreffet 100dagar på Stord resulterte i ikkje mindre enn 13 festivaljobbar for bandet. Låtmaterialet er nært, kjenslevart, varmt og melankolsk. Roar Kopperstad og det særst begåva bandet hans gjer på ingen som helst måte skam på referansane nytta om gjengen; Ryan Adams, Tom Petty, Tallest Man On Earth, Neil Young, Jeff Buckley og Bruce Springsteen. Høyr deg opp med "Someone as Beautiful as You", "A Brand New Day" og "Build it High".

Uttalelsar frå Daidalos:

- Timbuktu er, som Sundfør, ei draumesignering. Dyktig som berre pokker, og for å sitera ein noko døv fotballtrenar: "det handlar om smartness og brighthness..." Timbuktu er like deler musikk, haldningar og stemning.

- Våna Inget blir heilt latterlig kult. Dei har knapt vore i landet før, og har eit brennande ønske om å ta oss. Riva i oss. Sjå oss inn i augene og skåla nattas galskap ut av kroppane våre. Eit touch av Fucking Åmål og eit touch av våre egne Frk. Fryd.

- For dei som enda ikkje har opplevd ein Slutface-konsert vert dette idiotisk kult. Eg har sett dei 43000 gonger, og det blir bare meir og meir digg! Haley er kanskje Noregs største frontfigurtalent og bandet er imponerende rått og leikent.

- Hear me Roar tok pusten frå festivaldelegasjonen på 100dagar. Månen til stemning dette bandet klarer å pensla publikum inn i. Dette vert rein nyting.

- For eit år dette blir! Og enda gjenstår det tre band. Saknar du rock? Ikkje stress, det er ting på gang.

Tekst: Presseskriv Festidalen

Nett: Hans Ordin Østebø